


# PARAGUANPOSTEN

SEPT. 1979. MISJONSINF. FRÅ FAN. BJÖRNEVOLL, CENTRO EVANGELICO FILADELFIA, CAACUPE, PARAGUAY.



BE FOR OSS!

(AUG. 1979.)



## TILBAKE TIL PARAGUAY.

AVGANG FRÅ FLESLAND MANDAG 24. SEPT. 1979.  
CA. 24 TIMARS REISE.



# HEIMEN VÅR

Huset ligg på den inter-amerikanske hovudvegen, ca.6 mil frå hovudstaden.

Adressa er:

Ruta Mcal.Estigarribia 769,  
C A A C U P E.

Kjem du på ferietur til Paraguay, er du velkommen innom. Skriv berre først så me er heime.....



## VI MANGLAR BIL TIL ARBEIDET.

Slike vegar kan me ofte sjå, - og ha problem med å koma fram på. Men også langs desse vegane treng folk evangeliet. Mange er radiolydarar og slike som ber om vitjing. Skal me få nå dei?

Oppropet i Korsets Seier gav i underkant av kr.3000,-. Altså manglar mykje for me kan kjøpa bil til arbeidet!

Ville nokon senda meir, er adressa  
MENIGHETEN I TABERNAKLETS YTRE MISJON,  
Lungegårdsst. 9, 5000 BERGEN.

Bankgiro 5205 32 64646.  
Postgiro 57 14 795.

Merk sendinga: Til bil i Paraguay.

ER DU INTERESSERT I Å FÅ PARAGUAYPOSTEN?  
HAR DU FÅTT NY ADRESSE?

**MELD FRÅ TIL**


LÆRAR ØYSTEIN VALDE,  
5110 FREKHAUG.

# STORFLAUM GJORDE MYKJE SKADE I ÅR.

Denne elva (Rio Paraguay) steig 6,84 m over normal vass-stand. 30 000 menneske vart heimlause. Mange misste alt dei åtte.

Asuncion, som kan skimtast i bakgrunnen, hadde og problem.

Ein del pengar og brukte kle, er komme inn. Hjelpa skjer i samarbeid med menigheten i FILADELFIA i Asuncion. Det er den av våre menigheter som har arbeidet i denne sona.



↑ Bilferge over elva nær hovudstaden i Paraguay.  
(Hovudstaden kan skimtast i bakgrunnen).

→ Dette er største pinselokalet i landet. Arbeidet starta då dei svenske misjonærane Beda og Gunnar Svensson kom hit i 1936.

Me norske har hatt meir eller mindre samarbeid med menigheten gjennom mange år. Siste åra har me samarbeidt med særleg radioarbeidet, og me vonar at dette samarbeidet vil utvikla seg meir.

Den "svenske" og "norske" greina av pinserørsla har og sams menighetsblad kalla "EL VENCEDOR".




← Frå ein utpost til menigheten i Filadelfia, Asuncion. Dei kristne har samla seg til møte og bibelstudium i 16-tida søndag.



KAN DU BE DAGLEG FOR ARBEIDET ?

# EVANGELIESENTERET i FULL AKTIVITET!

→  
VÅR  
EINASTE  
FASTE  
MEDARB.  
i  
AKTIVITET:  
HER  
RETTING  
AV  
BREVKURS.



UNGDOMAR  
INNVIAR SEG  
FOR GUD.



EIN AV VÅRE RADIOEVANGELISTAR  
FORETTAR DÅP.



VI VIL GJERNE SATSA MEIR PÅ  
SYSTEMATISK BIBELOPPLÆRING I  
VENNEFLOKKANE.

↑ EIN ELDRE BROR SIT PÅ SAKEN I SKUGGEN AV EIN PALME  
OG FØREBUR SEG TIL MØTE.